



Haugland-laget i gang med slaktinga etter å ha felt fem dyr første dagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen ligg ikkje mykje etter Kvinnherad som heilheit med omsyn til fellingsprosent under hjortejakta i haust. Fellingsprosenten var 84,9 medan den var 86,5 for heile kommunen, opplyser viltforvaltar Leiv Trygve Varanes til uskedalen.no. Skorpo er ikkje med i dette reknestykket, men der vart fem av seks dyr felt.

I nokre år har Uskedalen lege noko etter resten av kommunen i fellingsprosent, men no er altså bygda nesten på høgde med kommunen som heilheit. Uskedalen har dermed i høgste grad sin andel av rekord-noteringa frå den siste jakta: Ny norsk rekord med heile 981 felte dyr.

Dermed held Kvinnherad si stilling som best i landet på felte dyr og som den største hjortekommuna. Og aldri har det i nokon kommune vorte skote meir hjort enn i Kvinnherad dette året.

981 var ein auke frå fjorårsrekorden på 108 dyr og ein oppgang på 163 dyr på to år.

43 jaktvald hadde minst 100 prosent felling og det beste området var Ænes-Rosendal med åtte jaktvald som samla kom ut med ein fellingsprosent på 103,1. Dette er mogeleg fordi det i området er fleire store hjortevald som har fått godkjent eigne bestandsplanar. Ein føremon med slike planområde er at dei får tildelt ein fellingskvote for heile planperioden, inntil fem år. Difor er dei ikkje fast bundne til den årlege kvoten.

Talet på løyve var i år nesten som fjoråret.

Men viltforvaltaren meiner det er behov for ein ytterlegare auke i løyvetalet neste haust for å forvalta hjorten i kommunen på ein betre måte.

Det bør plukkast vekk fleire små dyr, meiner Varanes, og peikar på slaktevektene dei siste åra. Dei er låge.

Ein bukkekav er dette året to kilo lettare enn i fjor, 24 kilo. Åringsbukken var i år litt tyngre enn i fjor, 47 kilo, medan åringskollene som dei siste fire åra låg på 41 kilo. Eldre bukk var 78 kilo og eldre kolle 55 kilo.

Det er i dag meir dyr enn det er beite til sjølv om det varierer frå område til område.

Ved å rekna ut frå gjennomsnittlege slaktevektar for dei ulike aldersgruppene har viltforvaltaren funne ut at det vart felt 49.401 kilo. Ved å leggja til grunn ein kilopris på 70 kroner som førstehandsverdi kjem ein opp i 3,5

millionar kroner.

Av Ola Matti Mathisen